



**I morgon**  
Overskyt med regn.

**Måndag**  
Delvis skyt med regnbyer.



**Solen**

I dag	I morgon
Opp 07.06	07.09
Ned 20.01	19.58

Dagen er 6 tim. og 38 min. kortere enn ved sommersolver.

**Månen**

I dag	I morgon
Opp 06.22	07.54
Ned 19.10	19.21

**Varsel for oljeinstallasjoner i dag**

Statfjord	Frigg	Sleipner
+12	+13	+13
6-9 m/s	8-12 m/s	8-12 m/s

**Flo**

I dag	I morgon
11:12	11:50
23:23	--:--

**Fjære**

I dag	I morgon
05:00	05:36
17:10	17:46

Data fra Statens kartverk. Sjå. Trn 11/09

**Firdaposten**

**KVELDS-/HELGEVAKT**  
Tlf. 947 80 313



David E. Antonsen

godt sagt

«Ein kan ikkje leve godt, elske godt eller sove godt utan å ete godt»

Virginia Woolf



**TIPSTELEFON**  
**57 75 73 03**  
SMS-TIPS – send med kodeord fptips til 2097

**HAR DU IKKJE FÅTT AVISA?**  
Måndag–fredag: 57 75 73 00 (kl. 8–15)  
Laurdag: 57 83 33 99 (kl. 8–11)

FIRDAPOSTEN • LAURDAG 15. SEPTEMBER 2012

# – Ein slik butikk har vi venta veldig lenge på

FLORØ: Butikken «Lille Marked» i Strandgata opna dørene for første gong på torsdag.

**DAVID E. ANTONSEN**  
david@firdaposten.no

– Dette er det mange som har gleda seg til, inkludert meg. Dette har vi sakna her i byen. Eg håper berre så mange som mogleg nyttar seg av tilbodet.

Det seier Lars Erik Baugstø-Hartvigsen. Han og nokre kameratar var innom Lille Marked torsdag.

Men dei var langt frå dei einaste. Ein del nysgjerrige hadde teke turen innom for å ta delikatesane i Gitte Kroppan Villand sin butikk i sjølvsyn.

Op og gratulantane var mange. Både nabobutikkar og næringslivsrepresentantar kom innom med blomar. Ein av dei var Roger Bareksten i Byen Vår Florø.

– Lille Marked er eit fantastisk spennande bidrag til byen vår. Dette med delikatesemat er ein ting i tida, og noko nyskapande. Det blir spennande å sjå korleis butikken blir motteke i marknaden, men eg trur det blir full klaff, seier Roger Bareksten.

**■ Fleire bilete på Firdaposten.no**

**OPNING:** Chester Laquian var ein av mange som var innom Gitte Kroppan Villand (t.v.) då ho opna dørene til Lille Marked. Foto: David E. Antonsen



## OVANFRÅ OG NED

Kystmuseet med Austvika til venstre og Kyraholmen mellom Brendøya oppe og Sørstrand framme i bildet. Foto: Dag Nesbø Frøyen



**Kjøpe flyfoto:** Ønsker du å kjøpe flyfoto frå Firdaposten? Send bestilling til redaksjon@firdaposten.no og merk e-posten med «Flyfoto». Kr. 300,- for A4 og 500 for A3 (+evt. porto)